ÅSERAL SOKNERÅD

Bankkontonummer:3148.07.04501 Organisasjonsnummer: 976 992 903
Gardsvegen 68 4540 Åseral Telefon 917 63 103
Epost: sh256@kyrkja.no

Åseral kommune

30.09.2026 Arkiv 1 saksbehandlar/SH

Søknad om rammeløyving for 2027 for Åseral sokn

1.Lovgrunnlaget for budsjettering:

Trussamfunnslova har eit eige kapittel om Den norske kyrkja. Her kjem det fram kva soknets budsjettforslag skal omfatte.

Formålet med bestemmelsene i dette kapitlet er å legge til rette for at Den norske kirke forblir ***en landsdekkende og demokratisk evangelisk-luthersk folkekirke****.*

Staten gir tilskudd til prestetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.

Kommunen *gir tilskudd til* ***kirkens virksomhet lokalt****, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av* ***kirkebygg.*** *Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende* ***bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger****, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig* ***administrativ hjelp****. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd* ***til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.***

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.

Gravplassloven: *Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra soknet. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.*

2.Budsjettforslaget skal dekke:

1. Drift og vedlikehald av kyrkjebygg
2. Bemanning ved gudstenester og kyrkjelege handlingar
3. Tilstrekkeleg administrativ hjelp
4. Kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk
5. Gravplass - tenesteytingsavtale

3.Årleg rammeløyving:

Rammeløyving for 2026 var på kr. 1 622 000,-. Det var tilleggsløyvingar på kr. 300 000,- til nytt handikaptoalett på Ljosland kyrkjegard og kr. 250 000,- til renovering av vindauga i Åseral kyrkje. Det viser seg at arbeidet blir billigare enn estimert.

Den årlege dugnaden med påfyll av jord på graver som sig på alle kyrkjegardane er gjennomført. Dette er oppgåver som ligg innanfor det kommunale finansieringsansvaret i trusamfunnsloven og i gravplassloven.

Kostra- talet på SSB syner at me i 2025 brukte noko mindre på kyrkjedrift enn gjennomsnittet for kommunar i vår kostragruppe (gruppe 15). Åseral brukte kr. 1905,- per innbyggar mens snittet i kommunegruppa var på kr. 2012,-. Me må forvente eit høgare tal i 2026 på grunn av vedlikehald/opprusting finansiert med tilleggsløyving.

Pris og lønsvekst for 2026 (deflatorvekst) ser no ut til å bli 3,1 prosent som tilsvarar omtrent kr. 50 000,-. **Åseral sokneråd søkjer difor om ei rammeløyving for 2027 på kr. 1 672 000,-**

4.Disposisjonsfond:

Disposisjonsfond 31.12.2025 var på 194 009,-. Ut frå prognosen kjem disposisjonsfondet til å auke til ca. kr. 300 000,- innan 31.12.2026.

Denne storleiken på disposisjonsfondet må soknet ha for å ha trygg likviditet. For investering og vedlikehald utover ordinær drift må me nå søkje om tilleggsløyvingar.

5.Tilleggsløyvingar:

Det er sendt eigen søknad om tilleggsløyving til utbetring av veg ved Ljosland kyrkjegard på kr.50 000,-

Mvh
Åseral sokneråd
Sjur Høgetveit
Kyrkjeverge